



Vegard Døssland hadde suksess i Stavanger (Foto: Bjarne Øymyr)

Den lovande musikar Vegard Døssland frå Uskedalen har henta inn ein stor triumf under Siddis Brass i Stavanger - han vant solistpris for tolkinga si av Domen av Jan Magne Førde på flygelhorn.

Vegard fekk lovord for måten han formidla musikken på. Han var solist med Rosendal Musikklag, som spela i 3. divisjon.

Begge dommarane hadde skreve BRAVO med store bokstaver.

Den eine ønskte han sogar velkommen til Nidarosdomen. Det hadde samanheng med at stykket som Vegard var solist i vart skrive til Trondheim by sitt 1000-årsjubileum.

Læraren til Vegard, Erlend Aagaard Nilsen frå det sigrande Manger Musikklag, vann solistprisen i elitedivisjonen.

Rosendal Musikklag under taktstokken til Torstein Hatlevik gjorde si beste plasing på mange år i konkurransen med ein flott fjerdeplass. og musikarane er naturleg nok svært fornøgd med deltakinga i Siddis Brass dette året.

Av Ola Matti Mathisen